



Arkivnr: 2014/14570-65

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av selskapskontroll av Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget i Hordaland gjorde m.a. slikt vedtak i sak PS 5/15 «Selskapskontroll av Hardangerbrua AS» i møte 10.3.15.

«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hardangerbrua AS, ber fylkestinget om at:

Fylkesrådmannen syter for å:

6. Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.
7. Stille krav til selskapsstyret om å etablera styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
8. Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.
9. Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Vidare gjorde fylkestinget i Hordaland m.a. slikt vedtak i sak PS 4/15 «Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS» i møte 10.3.15.

«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, ber fylkestinget om at:

Fylkesrådmannen syter for å:

1. Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.
2. Stille krav til selskapsstyret om å etablera styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
3. Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.
4. Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 17.6.15 når det gjeld tilbakemelding frå fylkesrådmannen på desse selskapskontrollane:

«Kontrollutvalet ser positivt på at ein i eigarskapsmeldinga har vedteke at styrerepresentantar og folkevalde etter neste val skal få tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar. Vidare registrerer ein at fylkesrådmannen har gjort Fastlandssamband Halsnøy AS og Hardangerbrua AS merksam på andre krav som også går fram av KS sine tilrådingar, jf. RS 47/15 og 48/15. På bakgrunn av at det er val hausten 2015, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2015.»

Kontrollutvalet har handsama oppfølging av desse selskapskontrollane fleire gonger og det er m.a. gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med nytt skriftleg svar på dei tre punkta i vedtaket innan 30.6.16.

I sakframstilling til sak PS 134/16 i kontrollutvalet 17.11.16 gjekk m.a. dette fram:

«Sekretariatet er kjend med at noko av grunnen til at ikkje tilbakemelding er motteke innan fristen er sjukdom i fylkesadministrasjonen. Det er no gått 4 månader sidan den opphavlege fristen for tilbakemelding gjekk ut og slik vi ser det er det likevel ikkje tilfredsstillande at svar ikkje er motteke enno. Sekretariatet har purra på svar frå fylkesadministrasjonen ved fleire høve, både skriftleg og munnleg. Siste purring vart send etter møte i kontrollutvalet 20.10.16 der ny frist for svar vart sett til 1.11.16. Svar er i skrivande stund ikkje motteke.

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør vurdere om dei skal be fylkesrådmannen inn i neste møte for å gjera greie for kvifor det ikkje er motteke svar på oppfølging av desse to selskapskontrollane.»

På bakgrunn av dette vert det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme i møte 20.12.16 for å gjera greie for kvifor kontrollutvalet ikkje har motteke svar på oppfølging av selskapskontroll av Hardangerbrua AS og Fastlandsamband Halsnøy AS innan fristen som var sett.»

Drøfting:

Det er avtalt at fylkesrådmannen kjem i dette møtet for å gjera greie for kvifor kontrollutvalet ikkje har motteke svar innan fristen.

Det er no også motteke notat frå fylkesrådmannen med tilbakemelding på oppfølging av desse to selskapskontrollane. Notat dagsett 1.12.16 ligg ved. Av notatet går det fram at Hordaland fylkeskommune har sett i verk tiltak på dei tre punkta i tråd med fylkestinget sine vedtak 10.3.2015. Slik sekretariatet ser det bør difor kontrollutvalet seie seg ferdig med saka.

Konklusjon:

1. På bakgrunn av det som kjem fram i orienteringa frå fylkesrådmannen tilrår sekretariatet at kontrollutvalet drøftar seg fram til ein konklusjon. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak på dette punktet.
2. Når det gjeld den mottekne tilbakemeldinga på dei to selskapskontrollane tilrår sekretariatet at kontrollutvalet seier seg ferdig med saka.

Forslag til vedtak

1. Vert lagt fram utan forslag til vedtak
2. Kontrollutvalet seier seg nøgd med dei tiltaka fylkesrådmannen har sett i verk i høve selskapskontroll av Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Oppfølging selskapskontroll Hardangerbrua AS og Fastlandssambandet Halsnøy AS